

Litt om Vik gard, klyngetunet og «Hauane» i Syvde frå 1860-åra til 1910

Jordbruk har vore viktig til alle tider, og jordbrukseigedomar på våre kantar var ofte organiserte med såkalla teigdeling eller teigblanding av jorda på tidleg 1800-tal. Fram til 1860-talet var det vanleg på Vestlandet at gardsbruka hadde eit fellestun der alle bygningane låg i ei klynge, og med jordteigar spreidde over eit større område rundt det sentrale tunet. Klyngetuna forsvann med moderniseringa som følgde det statlege jordskiftearbeidet etter 1860. Då fekk kvar eigar/brukar sitt eige samla stykke jord, og dei fleste oppretta då eit gardstun eller bruks-tun på eige gards-bruk. Klyngetun fanst over heile landet, men skal ha vore mest vanlege i kystbeltet frå Agder til Nord-møre og i Nordland og Troms.




I garden Vik i Syvde var det også teigblanding og samla klyngetun i 1860-åra, men det vart kravt utskifting og omorganisering, og i 1870 vart prosessen sett i gang. Det vart då teikna nye kart over det som vart rekna som innmarks-område, det beste jordbruks-arealet, og i 1871 starta det praktiske utskiftingsarbeidet. Det var fullført i 1872, då jordskifte-protokollen for Vik innmark var ferdig og tinglyst. Utsnittet her viser jordteigane frå grensa mot Myklebust og nord-over til Vikeelva.

Utskiftingskart Vik – Hoveddelen av Vik innmark, 1870

Klyngetunet i Vik i 1870

På kartutsnittet nedanfor ser vi klyngetunet i Vik ved sjøen, der dei aller fleste bygningane som høyrde til dei enkelte gardsbruka var samla. Tunet ligg ved eit av felta merka med gult (åkerland) nord for området der kyrkja står også i dag. I tunet stod våningshus, fjøsar, løder og uthus av ulike slag og storleikar, og dei låg på grunn som på kartet er markert med linjer og merka med initialane til dei enkelte brukarane, og gjennom åra var nye bygningar tilhøyrande dei enkelte bruka oppsette her, meir eller mindre samla etter brukar. Bygningane låg altså samla i ei klynge, og berre på enkelte mindre areal, som var tekne i bruk til husmenn, var det sett opp mindre bygningar utanfor dette klyngetunet. Truleg var det slik at det berre var Haggards-bruket på grensa til Eikrem-garden, som opphavleg kom til seint på 1700-talet som ein husmannsplass, som ikkje hadde hus i klyngetunet, og bygningane på husmannsplassane stod då utanfor fellestunet på dei teigane som husmennene hadde fått plassesetel på.




Samling av jordteigar før hovedutskiftinga i 1870

Framover på 1800-talet var det imidlertid eigarar i Vik som hadde teke til å samle fleire av bruksteigane sine som låg plasserte på ymse område rundt om i bygda, ved å kjøpe eller makeskifte teigar med andre eigarar, slik at bruksareala til dei enkelte eigedomane vart meir samla. Den fyrste som skal ha gjort det var nok på Øvstegardsbruket, og vidare også på dei andre bruka på Hauane, og hovedføremålet med dei utskiftingane som kom utover heile landet på 1800-talet var nettopp det å få samla jordeigedomane i meir «bruksvennlege» einingar.

«Hauane» i Vik i Syvde

Kartutsnittet nedanfor viser bygningane på tre av bruka oppe på Hauane i Vik i 1870 slik dei låg plasserte på starten av utskiftinga det året, og bygningane var då flytta ut frå fellestunet. Vi ser at det går ein sti/veg som kjem på skrå nede til venstre opp frå klyngetunet ved sjøen, og fyrste bruket lengst til venstre her er Øvstegarden, også kalla Øvstegards-hauane, med løde, våningshus og fleire småbygningar, og kartteiknaren har også markert kva som kan vere eigedomsgrenser mellom bruka.



Alle eigedomane i Vik hadde andre gards- og bruksnummer før utskiftinga i 1870, og Vik hadde då gardsnummer 65. Øvstegarden hadde gardsnummer 65 og bruksnummer 134 på 1860-talet, men har i dag gardsnummer 88 og bruksnummer 1. Oppe på bakkekanten ligg vidare det som i dag har bruksnummer 13, Krik-Ola-hauane, med våningshus, løde/fjøs og eit anna uthus, og det tredje bruket som har flytta hus ut frå klyngetunet, er her Pål-Jakobs-hauane, som seinare fekk bruksnummer 4, og på dette kartet har våningshus, løde/fjøs og to mindre bygningar utanom klyngetunet, medan

eit våningshus stod igjen i klyngetunet. På dette bruket er det i høgre kant merka med J på den eine sida og OB på den andre sida av ei stipla grenselinje. Det er initialane på brukarane som er førde på kartet. KO er Knut Olsen på bnr. 1, OK er Ole Knudsen på bnr. 13, J er Jakob Pedersen på bnr. 4, og OB er Ole Bårdsen på bnr. 7. Ole Bårdsen har ikkje flytta hus ut frå Klyngetunet enno. Vi veit at også eigaren av bnr. 18, Andreas Danielsen, hadde flytta hus frå klyngetunet til det stykket han rekna med han kunne få tildelt ved utskiftinga.

Pål-Jakob-hauane og gardbrukar frå Landsverk frå 1840-talet

Pål-Jakob-hauane er omtala på sidene 229 - 232 i fyrste utgave av Haakon Fiskaa si «Bygdebok for Syvde sokn», som var trykt i Volda i 1974. I siste utgave frå 1983 står omtalen på sidene 234 – 237. Begge utgavene har dessverre feil i omtalen av brukarane på bnr. 4 i åra frå 1872 til 1909.

I 1848 døde bygselmannen (også kalla leiglending) på Pål-Jakob-hauane, Rasmus Knutson Kongsvoll. Enkja hans, Anne Eriksdotter, gifte seg i 1849 med **Jakob Pederson Landsverk** frå det som i dag er bnr. 4 der, og Jakob fekk i 1849 bygsla bruket i Vik vidare frå eigaren Lars Eide i Selje. I 1861 vart det ny gardeigar: Birte Larsd. Eide hadde i 1861 fått denne egedomen av far sin, Lars Eide. Ho vart gift i Bremanger-distriktet, og då utskiftinga i Vik starta i 1871, var det mannen hennar, Jon Olsen Hauge, som var eigar av dette bruket i Syvde. I april 1872 selde så Jon Olsen Hauge gardsbruket til brukaren Jakob Pedersen. Bruket hadde tidlegare vore ein del av det bruket som vart kalla Pål-garden, og Jakob vart då kalla Pål-Jakob, og då han flytta ut husa sine frå klyngetunet og opp til det nye bruket på Hauane, vart bruket hans kalla Pål-Jakob-hauane, som altså seinare fekk bruksnummer 4 i Vik.

Jakob og Anne hadde ikkje born, men Jakob hadde ei syster, Dorte Pedersdotter Landsverk, som budde på Landsverk. Kyrkjebøkene viser at Dorte i 1845 fekk ei dotter, Johanne Margrethe, med ein gift mann frå Herøy, men vi veit ikkje meir om denne jenta. Handskrifta i kyrkjeboka er litt vanskeleg å tyde på etternamnet, men faren heitte iallfall Rasmus Johanneson, og etternamnet var nok Sævig.

Dorthe Landsverk - Giftemål og flytting til Takset

Fire år seinare står det i kyrkjebøkene i Herøy at Hans Hansen Stensvig frå Flusund gifte seg 8. april 1849 med Dorthe Johanne Pedersdatter Landsværk frå Syvde, og paret må straks ha flytta til Takset i Syvde, for i kyrkjebøkene for Syvde er det innført at dottera deira, Martha Hansine, vart fødd der den 10. mai 1849, og foreldra er gaardmand Hans Hansen Tagseth-vig og hustru Dorthe Johanne Pedersdt. Tre år seinare får Dorte og Hans endå ei dotter, døpt Johanne Vilmine, og Hans Hansen er då innført som inderst på bruket Storvig. Martha Hansine vart konfirmert i Syvde i 1864, og der står det greitt at hennar

fødestad var Tagsetvig, og faren sitt namn er skrive som Hans Hansen Tagsetvig.

Død og familievanskar – flytting til Vik

Så ser det ut til at Hans Hansen døde nokså tidleg på 1860-talet, og familien gjekk litt i oppløysing. I 1865 var det folketeljing, og der kan vi ikkje finne Hans Hansen, men det er nok kona hans, Dorthe Pedersd. som er oppført i folketeljinga i Vik som *«Huus-Enke uden jord. Nærer sig ved spinding m.m.»*, men huset ho budde i stod nok igjen i klyngetunet i Vik. Kartet som var laga i 1870 som grunnlag for utskiftinga viser at ein av bygningane i klyngetunet er merka med J, som også er brukt for å merke eigedomen på Pål-Jakob-hauane, så den siste bygningen stod nok att i fellestunet i 1870, og i utskiftingsprotokollen for Vik gard frå 1871 er det i punkt 27 teke med ein avtale mellom Jakob Pedersen og Knut Knudsen: *«Knud Knudsen fremlagde fuldmagt fra sin Jorddrot av 20. de Mai d. A. Knud Knudsen og Jacob Pedersen bad tilført at de nu vare forenede om at Inderstenke Dorthe Pedersdatters stue skal staa paa Tomten (i klyngetunet..JN) saa lenge hun vil bo i den, mod at Knud Knudsen tilmaales et Brugsstykke af JacobsTeig. ... Naar Tomten bliver ledig falder brugsstykket til Jacob Pedersen.»*

Av folketeljinga frå 1865 og utskiftingsprotokollen for Vik gard frå 1871 kan vi altså sjå at Hans Hansen, som hadde vore inderst på Takset, er død, og at enkja Dorthe hadde flytta inn i den bygningen som bror hennar, Jacob, hadde ståande i klyngetunet i Vik, sjølv om dei andre bygningane var flytta opp på Hauane. Hans og Dorthe sine døtre finn vi igjen i folketeljinga frå 1865 på andre stader i Syvde. Eldstedottera til Hans, Martha, bur i 1865 på bruksnummer 163 i Saurdalen som «tjenestepige» for enkja Effine Andreasdatter, og Johanne, den yngste, som ikkje var konfirmert enno, bur på Landsverk bnr. 119 hos morsystera Eli, som er gift med Ole Jacobsen, og jenta er innført som «deres fosterdatter». Ho vart konfirmert i Vanylven kyrkje i 1867, og då er ho innskriva i kyrkjeboka som *Johanne Wilmine Hansdtr. Storvig (Fødested: Landsværk i Søvde Sogn)*, og det er også ført inn ein merknad om at ho er innført i ministerialbok for Vanylven sokn med konfirmantnr. 20, *«da hun under sin Confirmations-Forberedelse opholdt sig på Hatlenes i Vanelvens Sogn.»* Vi veit elles lite om familien frå tida på Takset.

I pantebokregister, pantebøker og andre kjelder har eg ikkje funne nokon stad at Hans Hansen var brukar av gardsbruket på Hauane i Vik, slik Fiskaa skriv i begge bygdesogeutgavene, og ved den nye folketeljinga i 1875, ser vi at Dorte Pedersd., «husfaders Søster», er flytta opp på Pål-Jakobs-bruket, der Dorte er innført som enkje og bur i «gamlestuen» hos Jakob og Anne i Vik, og no er Dorte si dotter, Johanne Hansd., tjenestepige og budeie på bruket.

I folketeljinga i 1891 er det laga både husliste og personsetlar på dei enkelte gardsbruka, og vi ser at både Martha, Dorte og Johanne då bur på Pål-Jakobs-bruket. På huslista er det notert at Johanne og Dorte bur «i en ganske liden stue». Jacob, Anne og Martha bur i hovedhuset. På Johanne sin personsetel står det at «hun Vogter sin Sindsyge Moder» og på Dorte sin setel står det at helsetilstanden hennar ikkje er medfødd, men har «fremtraadt senere», og vi veit nok ikkje om det gjeld senilitet eller annan sjukdom. Folketeljinga var gjort tidleg i 1891, og 22. november same året, døde Dorte.

Arv og økonomiplanar.

Det er elles tydeleg at arv og økonomi har vore eit tema for Jakob og familien i Vik, og ting vart avtalte og formaliserte, men Johanne Margrethe Rasmusdotter, den «*uægte fødte*» dottera til Dorte, finn vi ikkje noko meir om her.

Pantebøkene viser også at Jakob Landsverk i mars 1877 skreiv kjøpekontrakt på gardsbruket med yngste systerdottera, Johanne Hansdatter. og i juni same året skøyte han eit stykke av garden over på den eldre systerdottera, Martha frå ekteskapet mellom Dorte og Hans. Det nye bruket ligg på nordsida av Vike-elva, og fekk namnet Norvik då det vart skyldsett i 1877. Seinare fekk det bruksnummer 5. Marta budde nok der ei tid, før ho flytte tilbake til Pål-Jakobs-hauane, og i 1905 selde ho bruket sitt til Johannes Nordal, som også har brukt etternamnet Myklebust, Harebak og Norvik fram til 1905 alt etter kvar han har budd i Syvde.

I 1877 vart det som nemnt skrive kjøpekontrakt mellom den yngste dottera til Dorte, Johanne Hansd. og onkelen Jakob på hoveddelen av bruket, og i panteboka er det eksplisitt vist til denne kontrakten då Jakob skøyte den delen av bruket på Pål-Jakobs-hauane over på Johanne Hansd. i 1884, så eigentleg var det formelt avtala alt i 1877 at dei to døtrene til Hans og Dorte skulle få kvar sin del av onkelen sin eigedom, truleg for at økonomien deira skulle vere sikra for framtida.

I 1891 budde Dorte og Hans sine døtre på Pål-Jakobs-hauane, men etter at Dorte døde det året, og Jakob si kone, Ane Eriksdotter, døde i 1895, ser det ut til at Johanne Hansd. tok arbeid på eit av grannebruka i Vik. Ved folketeljinga i 1900 har teljarane slått saman i teljeskjemaet dei som bur på bruksnummer 4 og bruksnummer 5 Norvik, og ført opp at på 4 og 5 bur det to personar: Jacob Pedersen, oppført som enkemann, husfader og gaardbruger, og Martha Hansdatter som ugift husmoder og tjenestepige. Johanne Hansdatter finn vi oppført under bruksnummer 15 Kristigarden, der det står at ho er ugift tenar og budeie, så sjølv om ho har fått skøyte på Pål-Jakobs-bruket, skaffar ho seg inntekt frå anna hald, og onkelen og Martha, Johanne si syster, driv bruket.

Jakob døde i 1908, og då vart det slutten på gardsdrifta til denne familien, som altså kom til Vik frå Landsverk nr. 4.

Johanne Rasmusdotter eller Johanne Hansdotter ?

Eg kan elles ikkje finne noka kjelde som stadfester at Hans Steinsvik nokon gong var brukar av dette gardsbruket, slik Haakon Fiskaa har skrive i bygdesogene våre, og eg har heller ikkje funne dokumentasjon på at Dorte si dotter og Hans si stedotter, Johanne Margrethe Rasmusdotter f. 1845, har vore brukar av Pål-Jakobs-hauane, så der meiner eg at Fiskaa har forveksla Johanne Rasmusdotter og Johanne Hansdotter. Pantebøkene viser også at det var Johanne Hansdotter som fekk skøyte på bruket i 1884, og det var ho som selde og skøyte over garden til den nye eigaren, Kristoffer Andersen Korsfur i 1909, og fekk kår for seg sjølv og avtale om burett der også for systera Marta så lenge dei levde.

Frå Landsverkslekt til Korsfur-folk. Skøyte og kåravtale i 1909.

9. juni 1909 vart det altså skrive skøyte med kåravtale mellom Johanne Hansdotter og Kristoffer Andersen Korsfur. Dette skøytet er på nynorsk, og er det einaste eg har sett på dette målføret frå denne tida. Gamleklokkaren i Syvde, Botolf Iversson Holsvik, har skrive under som eit av vitna, og kanskje er det han som har ført skøytet i pennen for partane, før sorenskrivarkontoret førte det inn i den offisielle Panteboka, der vi kan sjå det i dag. Vi kan sjå at ein del av ordformene er tydeleg prega av sorenskrivaren sitt kansellispråk, som truleg er eit stykke frå dei formene Holsvik brukte i sin original. I panteboka er det innført slik:

*«Eg underskrivne Johanne Hansdatter Vik
stadfester og gjer kunnigt, at eg hev selt
og med dette let fraa meg og skøyter til
Kristoffer*

*Andersen Korsfur mitt bruk i garden Vik i Syvde
sokn,*

*Vanelven herad, gaardsno. 88 bruksno 4 med 1
skyldmark og 41 øyre, med hus, lut og lunnendar,
slik som eg hev aatt det etter jordabrev af 8. juli
1884 for kr. 1800, atten hun-drad kroner, som er
mig betalt i dag. Hoppe med sele-
ty, dei kjøireredskab som er paa gaarden,
kvernpert og notpart hev han og kauppt ~~med~~ men
for kr. 300,00 – tri*

*(mellom linjene er tilføya; Dei 300 kr. har eg motteke i dag)
hundrad i særløysn?. Paa det selde gardbruket
tyngjer eit sovore kaar aat meg for aaret til eg døyr.*

a God foring, mjølking , rykt og stel til 1 – ei – kyr og 2 – tvo - sauer. Det stend meg ope aa krevja og brukaren ope aa leggja 600 – seks hundrad liter nysilt mjølk aa um aaret i staden for for aat ei kyr, men daa lyt ein af par-tane segja fraa um det 4 – fire – vikor føre 14^{de} oktober. Mjølki skal leggjast naar best høver, men ikkje yver 2 – tvo – liter og ikkje under ½ en halv liter um dagen.

b 162 kg – eit hundrad tvo og seksti kgr havre og 3 – tre fulle(?) tunner jordeple, alt velfliddt og lagt til jol.

c Innhoggen turr ved, husrom i bedste stova og vedhuset som no stend paa garden, tilsyn og rykt, naar eg vert gamal hell sjuk.

d Flytter eg burt fraa garden, kan eg og henta korn og jordeple og skal kryterfori daa betalast med kr. 30,00 - trediva kroner til st. Hans kvart aar.

e I husi som eg forbeheld meg gjev eg med dette mi syster, Marta Hansdatter rette aa bu utan leige til sin døyande dag, samt bruka utan utleg for sig ein aaker paalag 30 – trediva – rutestænger stor. Ho skal finne seg i aa faa aakeren bytt i ei sovori vidd ein annan stad, naar jordeigaren krev det. Hennar bruk af hus og jord skal ikkje tyna hans eigedomsret. Medan me bur saman skal ho Marta syta til holva af den brenneved me treng. Etter bedste skyn kostar kaaret mangedubla etter logi kr. 500,00. Kjøparen tok imot garden 14. april iaar, og fraa den dagen svarar han alle skattar og tyngsler som ligg paa garden. Kva meir der staar i kjøpe-brevet datera 1^{ste} februar 1909 stend alt fast som stod det her. Med desse skilordi(?) skal brugsn. 4 i Vik fylja og høyra til Kristoffer Andersen Korsfur som den loglige eigedomen hans, og for dette stend eg som heimelsmann etter logi.

Vik 9^{de} juni 1909.

Johanne Hansdatter Vik

Som kjøper Kristoffer Anderson Korsfur

*Til vitnemaal
um baae underskrifter:
B. I. Holsvik
L. G. Myklebust »*

Ved folketeljinga i 1910 finn vi Kristoffer Andersen Korsfur med familie på i alt 6 personar i bustad nr. 0014 på bruksnummer 4, og i bustad nr. 0015 på same bruket ser vi at Johanne Hansdotter Vik er «husmoder og kaarpike, arbeider hos kaaryderen, kreaturstel og gaardsarbeide», og i huset bur også systera Martha, som «lever i huset hos søsteren af egne midler». Martha levde til 1922, då det står i kyrkjeboka at ho døde av kreft i ein fot, og systera Johanne vart åleine fram til ho døde i 1932. Då var det ingen av brukarane eller eigarane igjen som ætta frå Landsverk.

Pål-Jakob-hauane og Nordvika.

For meg som vaks opp på den andre sida av Vike-elva, har det vore litt ekstra interessant med Pål-Jakob-hauane. Mor mi var fødd og oppvaksen på Øvstegardshauane. Ho var fødd i 1918 og konfirmert i 1933. I mange av sine barne- og ungdoms-år var ho altså nær granne med Johanne, som i daglegtale vart kalla Jane. Det var vanleg at Johanne vart forkorta til «Jonnå» eller «Jane/Janne», og mor mi fortalde at dei til tider gjekk på besøk til den aldrande dama som budde i «Jane-stova», og ho hugsa Jane godt, og nemnde spesielt at dei fleire gonger fekk gode pærer når dei var på besøk.

Far min var fødd på Opsal bnr. 2 i 1909. Foreldra var Olaf Andreasson Vik Opsal og Petra Severinsdotter Opsal. Etter at Johan var fødd, vart Petra svært sjuk, truleg med ein hjernehinnebetennelse. Petra si syster Petrine, var gift med Johannes Hansen Harbak Norvik, og dei hadde kjøpt bruksnummer 5 i Vik av Marta Hansd. i 1905, og busett seg der. Dei var barnlause, og Petrine hjelpste systera og tok seg av vesleguten Johan, og seinare vart han adoptert av tanta og onkelen, og tok etternamnet Nordvik. Og slik gikk det til at eg med tida vart fødd og vaks opp på det som frå gammalt av hadde vore eit stykke av Pål-Jakobs-bruket.

Bildeutsnittet øvst på neste side viser litt av Nordvika på nordsida av Storelva/Vike-elva, og Hauane frå Midgarden til Øvstegarden på sydsida av elva, som renn bak lauvskogen i nedre bildekant. Storegjerde-bildet er frå før 1925, og viser heile området som i daglegtale vart kalla Hauane i Vik. I forgrunnen i nedre venstre hjørne ser vi husa på bruksnummer 10 Norvik, og på sørsida av elva til venstre i bildet, ser vi gardshusa på bnr. 7 Midgarden, som til dagleg oftast vart omtala som Miggars-hauane. Lenger heime på flata nærare sjøen, ser vi bnr. 6 Pål-garden, og oppe på bakkekanten dei tre bruka nr. 4 Pål-Jakob-hauane, 13 Krik-Ola-hauane og 1 Øvstegardshauane.

Litt av Norvika og Hauane før 1925



Heimste Hauane fotograferte frå Nordvika 2024.
Frå venstre: Bruksnummera 4, 13 og 1.